


Ingebjørg Vik Laugaland

Stort er trua sitt mysterium

Dåpsskule for 6-åringar



Stavanger Bispedømmeråd
2008



”Stort er trua sitt mysterium” inngår i prosjektet ”Dåpsskule for 6-åringar.” Prosjektet er utvikla med støtte frå ”Størst av alt,” Reform av trusopplæringa i Den norske kyrkja.

Stavanger Bispedømmeråd 2008
Tlf. 51 84 62 70
stavanger.bdr@kirken.no

Referansegruppe:

Ståle Idsø
Else Marie Bue
Leif Nyborg
Kirsti Melangen
Jorunn Kraft Vistnes
Frank Skofteland

Illustrasjonar: Kasper Jørgensen
Utforming: Eirik Moe AS

Til bokmål ved Torunn Måseidvåg

ISBN 978-82-90078-17-6 (nynorsk)
ISBN 978-82-90078-18-3 (bokmål)

Innhald

<i>Stort er trua sitt mysterium</i>	5	<i>Praktisk tilrettelegging</i>	46
<i>Kunsten å vera klar</i>	7	Tid og stad	47
Temaliste	11	Annonsering, velkomstbrev og innmelding	48
<i>Skapinga</i>	13	Open for alle	49
<i>Den heilage dåpen</i>	19	Økonomi og eigenbetaling	50
<i>Bartimeus</i>	23	Frivillige	51
<i>Den gode gjetaren</i>	25	Foreldremøte	52
<i>Sakkeus</i>	30	Rommet	54
<i>Påske</i>	33	“Forteljingar frå Bibelen”	55
<i>Den heilage nattverden</i>	38	Aktivitet og respons	56
<i>Gudstenesta</i>	42	Fadervår	58
<i>Sonen som kom heim</i>	43	Songar	59
		Velsigning	60
		Lekse	61
		Diplom	62
		Menyforslag	65
		Hugselliste materiell	66

Stort er trua sitt mysterium

DÅPSSKULE FOR 6-ÅRINGAR

Har du nokon gong tenkt på korleis du fekk tak i kyrkja sin bodskap?
Kven fortalde deg om Jesus? Var du liten? Kva hugsar du?

Forteljingane om Jesus har nådd oss på ulik måte avhenging av t.d.
kultur og generasjon, og mange av oss er opptekne av korleis me
gir dei vidare i vår tid.

Likevel er trua sitt mysterium større enn metodar og
kulturforskjellar – nettopp dette kjem til uttrykk når evangeliet
vert forkynt, og born og vaksne har dåpsskule i lag.

Boka du blar i no er eit verktøy som skal brukast til å formidle
mysteriet, evangeliet og forteljingane om Jesus Kristus – først og
fremst til 6-åringar på dåpsskule i din kyrkjelyd, men også til deg.

Er du klar?

Ingebjørg Vik Laugaland

Kunsten å vera klar

LITURGISK, PEDAGOGISK, TEOLOGISK
– OG IKKJE MINST PRAKTISK

Rommet

Når borna kjem til dåpsskulen, vil me at dei skal oppleve og kjenne noko av det Frans av Assisi helsar med når han seier **'Fred og alt godt.'**

Rommet me brukar skal vere med på å kommunisere noko av dette. Difor legg me vind på **å klargjere rommet me brukar**, anten det er eit klasserom, eit kyrkjerom eller eit anna rom.

Inngang og utgang, alterbord, kvit duk, kvitt lys i blank fin stake.

Det er fasinerande å sjå kor tydeleg positivt ein del born reagerer på at noko så enkelt som rommet er klargjort og fint, at det er stille og oversiktleg og at dei skal få ta dette i bruk!

Det er ikkje fart og spenning som er vår merkevare. Det er heller ikkje ei kunstutstilling eller eit museum. Det er eit møte med det og den Heilage, eit rom fylt av Fred og alt godt – **alt er der for dei til å bruke.**

Ein medhjelpar som kan lage rommet klart, er ein stor fordel. Mykje av innhaldet i samlinga kan gå tapt dersom denne delen av førebuinga skjer i hui og hast.

Gangen i ei dåpsskulesamling minner om gangen i gudstenesta

KL. 14:00

KOMME

Her er det nokon som ventar på deg

Ein vaksen ved døra ser og snakkar litt med kvart barn som kjem.

Han/ho kryssar også av på oppmøtelista at barnet er kommen. Barnet vert etter kvart spurd om ho/han **er klar** til å setje seg i ringen.

Dersom ja, set ho/han seg i ringen på knærne eller på baken med beina i kors, saman med dei andre som er klar.

Å vere klar er eit uttrykk me brukar ofte. Det skal vere ei hjelp for barna (og dei vaksne!) til å finne ro og konsentrasjon.

Her tek me i bruk deler av det som vert kalla involveringspedagogikk og deler av Montessori pedagogikken for på best mogeleg måte å kunne møte barna:

Involveringspedagogikken er basert på eit menneskesyn der mennesket vert oppfatta som unikt, kreativt, rasjonelt tenkjande og fritt handlande. Eit individ som ynskjer å ta ansvar for eigne handlingar, og som er i stand til å velge på eige verdigrunnlag. Involveringspedagogikken er forankra i humanistisk psykologi. Involveringspedagogikken har sett opp tre grunnleggjande behov som heng nøye saman med utviklinga av positiv identitet:

1. Barn treng tryggleik. Slik som mat, kvile, tryggleik, stabilitet, grenser og struktur.
2. Barn treng å elska og å bli elska.
3. Barn treng god sjølvkjensle i forhold til det dei er opptekne av, og at andre stadfestar dei og viser respekt.

KL. 14:15

GUDS ORD

Verdien av repetisjon

Samtalen i ringen startar med "Hugsar du kva fortelinga handlar om sist?" Barn i denne alderen er gjerne enno ivrige etter å få gjere noko *viktig*. Dette vil me gjerne setje i samanheng med *tenesta* som respons på trua på Jesus. Det er eit berande element i den kristne trua å tene, å gi respons. Barna får i denne delen høve til nettopp å gi respons, gjere noko viktig. Dei får vise at dei har øvd på/lært eller gjort ei oppgåve frå sist samling.

KL. 14:20

Forteljinga sin plass i samanhengen

Teologisk ynskjer me å legge vekt på å gi barna meir innsikt i og kjennskap til kven den treenige Gud er, kven dei er sjølve og korleis Guds kjærleik møter dei. Me vil også gi dei høve til å leve ut den trua dei er, eller kan bli døypte til.

For å setje forteljingane best mogeleg i samanheng, har me valt å starte med den same introduksjonen kvar gong: "Det var eingong *ein* som sa slike flotte ting og gjorde slike fantastiske ting at folk berre mått spørje han:

"Kven er du?" (pause) "Det var Jesus."

Resten av introduksjonen kan godt vere meir ledig i stilen:

Men innhaldet skal kvar gong vere dette:

Jesus fortalde om kven han var, om Gud, og om folk som oss. Dette veit vi fordi dei som såg og høyrde Jesus, skreiv ned det som skjedde. Det kan me lese i Bibelen. I dag skal me høyre om ... (Jesus då han sa om seg sjølv: "Eg er livsens brød")

(pause)

Forteljaren legg så ned 3 kvite filt sirklar (30 cm diameter) i ein trekant medan ho/han legg handa på kvar av sirklane og seier: "I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande, Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren. Amen"

Forteljaren må vere klar sjølv. Det må gå tydeleg fram at han/ho sjølv meiner dette er viktig. Det kommuniserer.

Barna skal lytte utan å gi respons medan forteljaren viser og fortel. Her hjelper det å minne om at dei får bruke materialet *etter* forteljinga. Dei som ikkje er klar, får hjelp/pause hjå den vaksne som sit ved døra.

I denne delen lærer borna om liturgi. Gjennom handlingar og ord gjer me barna merksame på og medvitne om liturgi. At me tek opp att dei same orda og handlingane kvar gong, forsterkar innhaldet og ikkje minst samhaldet. Alle gjer det same og kan ta del. Etter 1-2 samlingar vil borna seie med forteljaren "Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren" når filtsirklane vert lagde ned. Deltaking (her kan eg vere med) og meistring (eg veit kva som kjem) er godt å lære barna. Dette blir ein måte å tydeliggjere det me teologisk og pedagogisk vil ha fram.

Forteljaren avsluttar kvar forteljing med setninga: "**Stort er trua sitt mysterium**"

Kl. 14:50

Rett etter forteljinga fylgjer undringa

Undringa skal gi barna hjelp og mot til å reflektere og assosiere over det dei har sett og høyrte. Her er det sentralt at forteljaren let borna seie det dei har tenkt om forteljinga, men utan å presse fram svar eller premiere "rette" svar, eller stiller retoriske spørsmål. Dette skjer lettast ved at forteljaren sjølv undrar seg.

Oppgåva til neste samling vert nemt her.

Kor mykje tid ein brukar på "GUDS ORD" delen vil variere! Det skal vere slik.

KL. 15:00

RESPONS

Trua på Jesu gjer at ein handlar

Som me var inne på tidlegare er det viktig å sjå responsen, eller aktiviteten i eit teologisk lys. Ein handlar utifrå det ein har høyrte frå Bibelen.

Reint praktisk er denne delen difor avhengig av kva det enkelte timeopplegget handlar om. Som regel vil nokre barn gjerne arbeide vidare med forteljinga og rekvisittene som evt. vart brukte der og då. Dersom nokon i gruppa lagar noko, vil det vere viktig å vise det fram til alle.

KL. 15:10

FEST

Jesus vil ha fellesskap med oss

Etter at bordet er førebudd og klart, samlar alle seg rundt bordet og ein av dei vaksne spør (kvar gong): "Kva er viktigast når me har fest?" Mange forslag...

Konklusjonen skal handle om at ein ikkje kan ha fest heilt åleine.

Deretter syng me eit bordvers: Kanskje "Gledens Herre, vær vår gjest"?

KL. 15:20

SENDING

Trua på Jesus handlar både om å gi og å ta imot

Etter festen, når det er tid for å slutte av, dannar alle ein ring, hand i hand framføre eller rundt alterbordet. Her kan ein gjerne syng ein sang og deretter be Fadervår i lag.

Etterpå er det viktig at ikkje alle flyg til kvar sin kant og ut dørene, men lærer at det er noko viktig att: Ved døra er den vaksne som ønskte velkommen. Barna står i kø. Også til slutt vert kvart barn sett og hugsa. Den vaksne snakkar litt med kvar og ein, leverer ut lekseark, eller noko dei har laga som skal heim eller lignande og spør etterkvart om ho/han vil ha ei gåve, ei velsigning?

Her legg ein vekt på at ein *får* noko, når ein får ei velsigning. Gud ynskjer å gi den til alle som vil ha, og me kan gi den til kvarandre. Konkret spør den vaksne ved døra, kvart barn om dei vil at du skal halde hendene dine på hovudet deira og sei fram velsigninga.

Det er det siste som skjer i samlinga. Deretter overtek dei som hentar borna.

KL. 15:20

VEL HEIM

Temaliste

- 1 **SKAPINGA** *Guds ord gjer at noko skjer*
I. Mosebok 1-2:4 og "Forteljingar frå Bibelen" s. 11
- 2 **DEN HEILAGE DÅPEN** *Jesus seier om seg sjølv: Eg er lyset i verda*
Matteus 28:18-20 og "Forteljingar frå Bibelen" s. 56 og 79
- 3 **BARTIMEUS** *Jesus er han som alltid høyrer*
Markus 10:46-52 og "Forteljingar frå Bibelen" s. 58
- 4 **DEN GODE GJETAREN** *Jesus seier om seg sjølv: Eg er den gode gjetaren*
Lukas 15:1-7, Matt 18:12-14 og "Forteljingar frå Bibelen" s. 70
- 5 **SAKKEUS** *Jesus er han som alltid ser*
Lukas 19:1-10 og "Forteljingar frå Bibelen" s. 57
- 6 **PÅSKE** *Jesus seier om seg sjølv: Eg er vegen, sanninga og livet*
Lukas 22:24, Matt 26-28, Mark 14-16, Joh 18-20
"Forteljingar frå Bibelen" s. 58 + s.73 – 78
- 7 **PÅSKE- NATTVERD** *Jesus seier om seg sjølv: Eg er livsens brød*
Bibelstader jfr. 6. samling, samt "Forteljingar frå Bibelen" s. 74
- 8 **GUDSTENSTE** *Gud gir - me gir*
- 9 **SONEN SOM KOM HEIM** *Gud er som faren som alltid ventar*
Lukas 15:11-32 og "Forteljingar frå Bibelen" s. 68 – 69



Skapinga

I. Mosebok 1-2:4

Bakgrunn

Dette er den første bibleforteljinga borna møter, og me vil med denne forteljinga ha fram at det er Guds ord som skapar, og at Gud var før alt anna vart til.

Byrjinga med samtalen om gåvene er med på understreke dette. Forteljinga understrekar også at den sjuande dagen er gitt oss både for å kvile og for å ære Gud.

Materiell

Til denne forteljinga treng du svart filt. Den bør vere ei remse på 30 x 160 cm. Den indikerer kor tomt det var før Gud skapte. Deretter treng du 7 bilete som konkretiserer det Gud skapte på dei ulike dagane. Du kan bruke fotografi eller male eigne enkle bilete, eller låne motiv i ein flanelograf. Dei kan gjerne vere om lag 20 x 20 cm sidan dei skal ligge etter kvarandre på den svarte filten.



Ha dei kvite filtsirklane samanrulla og klare til å rulle ut slik at dei saman dannar ein trekant. Sei: **"I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande,"** medan du legg handa på kvar av sirklane, og gjentek: **"Skaparen, Frelsaren og Livgivaren."**

Pause.

Sei: **"Det var eingong ein som sa slike flotte ting, og gjorde slike fantastiske ting at folk berre måtte spørje: Kven er du? Det var Gud. No skal me høyre om kva Guds Ord gjorde."**

DETTE GJER DU:

Pass på at borna sit i ring og er klare.

Gå seint og målretta til der forteljinga om skapinga står. Hent den og kom tilbake til sirkelen.

Set deg att, og plasser sakene du har henta ved sida di. Vent til alle er klare. Kanskje du må minne dei om korleis me er klare.

Sjå deg omkring i sirkelen. Smil. Ver open. Nikk. Vent. Snakk med augo.

Borna vil no tenkje på kva dei har fått og fortelje. Videospel, ski, dokker, kanskje nokon nemner ein kattunge eller eit dyr. Pass på å kommentere den gåva slik:

Du seier ikkje at den levande gåva er betre enn den som ikkje lever. Du legg berre til rette for at dei merkar seg skilnaden og kan kommentere den dersom dei vil.

Alle gåver er "kjempefine" med mindre dei er konstruerte for å lage uro i sirkelen. La alle som vil få fortelje om dei flottaste gåvene.

Ta den svarte filten, og rull den seint ut frå eine sida til den andre.

Når heile filtstripa er rulla ut, stryk du handa di over den for å indikere "ingenting". Flytt handa frå høgre til venstre, som om du slettar ein duk (i ei rørsle.)

DETTE SEIER DU:

Sjå kor eg går hen. Sjå!

Ser du? Ja?

Alle treng å vera klare. OK?

Kva er den største gåva du nokon gong har fått?

Høyr. Det er noko som er annleis med den gåva.. (Vent og sjå om borna plukkar opp kva du meiner.) Den gåva er levande.

Høyr! Høyr på venene dine. Dette er alle store gåver! Flotte presangar.

Ja

Det er ei flott gåve...

Visste du at nokre gåver er så store at det er vanskeleg å sjå dei. Dei er rett og slett for store til at me legg merke til dei. Den einaste måten å få eit glimt av dei på er dersom me går heilt tilbake til byrjinga, eller litt før byrjinga.

I byrjinga.... I byrjinga var det..... vel – i byrjinga var det ikkje så mykje... I byrjinga var det faktisk..... ingenting.

DETTE GJER DU:

Vent litt før du tek fram det første biletet. Dette er lys og mørke. Plasser biletet på den svarte filten, med den svarte sida av biletet nærast den høgre kanten på filten. Legg handa di vertikalt over linja mellom lys og mørke, og flytt handa mot den lyse sida når du nemner lyset første gong. Når du seinare snakkar om lys og mørke, peikar du på den eine eller den andre sida for å vise dei.

Når du seier **"det er godt"**, legg begge hendene på biletet som ei velsigning. Dette er sannsynlegvis den viktigaste handlinga i heile forteljinga. Len deg tilbake, sit litt. Så byrjar du på neste dag.

Set den andre "dagen" til venstre for den første.

Stryk handa di vertikalt over biletet, og la peikefingeren fylgja den kvite linja.

Rør ved biletet som ei velsigning.

Ta ut det tredje biletet, og legg det til venstre for dei to andre. Legg handa di vertikalt over det når du seier "skiljer." Flytt handa over mot høgre for å vise det tørre landet. Peik på dei grønne vokstrane på biletet medan du snakkar.

Legg handa på biletet som ei velsigning når du seier **"det er godt."** Vent. Gled deg over alt me fekk den tredje dagen.

DETTE SEIER DU:

På den aller første dagen gav Gud oss den gáva me kallar lyset. Så no er det ikkje berre mørke, men lys og mørke. Eg meiner ikkje berre lys i lyspærer eller på bilar. Nei, eg meiner alt lys som er lys. Gud gav oss det lyset i gáve som alt lys kjem i frå.

Då Gud såg lyset, sa Gud: "Det er godt" Og det var slutten på første dagen.

På den andre dagen, gav Gud den gáva me kallar vatn. Og då meiner eg ikkje vatn i eit glas å drikka eller vatn i dusjen. Eg meiner ikkje vatnet i elvar og vatn ein gong. Eg meiner heller ikkje berre vatnet i havet og regnet. Eg meiner alt det vatnet som er vatn. Det vatnet som resten av vatnet kjem frå.

Dette er skiljet. Gud sette mellom det vatnet som er oppe og det vatnet som er under.

Då Gud såg vatnet, sa Gud: "Det er godt." Og det var slutten på andre dagen.

På den tredje dagen gav Gud oss gáva me kallar "tørt land". Gud delte vatnet og det tørre landet og gav oss grønne vokstrar i gáve.

Då Gud såg det tørre landet og dei grønne vokstrane, sa Gud: "Det er godt." Og det var slutten på den tredje dagen.

DETTE GJER DU:

Ta ut det fjerde biletet og plasser det til venstre for dei andre.

Peik på lysa når du nemner dei.

Rør ved biletet som om du velsignar det, når du seier **"det er godt"**. Bruk tid. Gled deg over den fjerde dagen.

Ta ut det femte biletet og legg det til venstre for det fjerde.

Når du nemner dei flygande og dei symjande skapningane, vis til figurane på biletet.

Rør ved biletet som ei velsigning når du seier **"Det er godt."**

Ta ut det sjette biletet, og plasser det til venstre for det femte.

Flytt høgre handa over alle bileta og rør ved det sjette med den venstre, når du seier **"Det er svært godt."**

Ta ut det sjuande biletet, og legg det til venstre for det sjette.

Peik på det sjuande biletet.

DETTE SEIER DU:

På den fjerde dagen gav Gud oss den gáva me kallar natt og dag. Gud gav oss ein måte å telja dagane våre på.

Her er det store lyset som bestemmer om dagen, sola. Og her er lysa som bestemmer om natta; månen og stjernene.

Då Gud såg dagen og natta, vår måte å telja dagane på, sa Gud: "Det er godt." Og det var slutten på den fjerde dagen.

På den femte dagen gav Gud oss den gáva me kallar flygande skapningar. Ikkje berre fuglar, men alt levande som kan fly. Og alt levande som sym i vatnet. Alt saman.

Då Gud såg alle skapningane som flaug, og alle som sumde, sa Gud "Det er godt." Og det var slutten på den femte dagen.

På den sjette dagen gav Gud oss den gáva me kallar alle levande skapningar. Dyra og dei som Gud skapte i sitt bilete – menneska. Då Gud såg dyra, menneska og alle dei andre gåvene frå dagane før, sa Gud: " Det er svært godt." Og det var slutten på den sjette dagen.

På den sjuande dagen kvilte Gud og gav oss den gáva det er å kvile ein dag..... å hugse dei flotte gåvene frå dei andre dagane saman med andre på søndagsskule eller gudsteneste. Slik kan vi glede Gud – gi Gud takk og ære.

DETTE GJER DU:

DETTE SEIER DU:

Gjer vel å hugse kor viktig det er å slappe av og glede seg over kvar dag også etter at dei er presenterte.

Stort er trua sitt mysterium.

Når du introduserer undrings-spørsmåla, kan du roleg peike på kvart bilete medan du stiller spørsmålet. Til det siste spørsmålet kan du trekke eit eller to bilete mot deg for å understreke korleis det ser ut når dei ikkje er med i samanhengen. Dette for å syna at også andre bilete kan verte tekne vekk i undringsprosessen.

Når undringa nærmar seg slutten, flyttar du borna si interesse til arbeidet deira, slik at dei kan halde fram med å undre seg gjennom kunst.

Nå lurar eg på kva for ein av dagane du likte best?

Eg lurar på kva for ein dag som er den viktigaste?

Eg lurar på kva dag du er i eller kva dag som handlar om deg?

Eg lurar på om me kan utelate ein av dagane og likevel ha alt me treng?





Den heilage dåpen

Matt 3:13-17, Markus 1:9-11, Luk 3:21-22

Bakgrunn

I dåpen vert ein, ved vatn og Den Heilage Ande fullt og heilt innlemma i kyrkja – samfunnet av dei heilage. Sjølve ritualet dreg både fortid og framtid inn i notid, difor er det ikkje naudsynt å verta døypt meir enn ein gong.

Går me tilbake i tid, er det mange ritual knytte til dåpen som me ikkje brukar i dag. Me driv ikkje utdriving av vonde ånder på kyrkjetrappa, eller merkar den døypte med kors på hender, føter og munn. Kristne før oss har også brukt å legge litt salt på tunga til den nydøypte, og liturgen har snudd stolaen sin frå kyrkjeårs fargen til kvit. Det store påskelyset er ikkje med i gudstenesta alle stader, men mange brukar dåpslys tent frå alterlyset.

Om me har mista mange av symbola som tilhørde dåpen, er dåpen like fullt ein port inn til det store fellesskapet me kallar kyrkja.

Stoffet inviterer til å finne ut om, eller sjå fram til sin eigen dåpsdag. Me brukar ei dokke i staden for ein person, og dåpen tek plass i fellesskapet i gudstenesta.

Me døyper i namnet åt den treeinige Gud, Fader, Son og Heilag Ande.

Hovedsymbolet i timen er tre sirklar som overlappar kvarandre. Dette er eit velkjent symbol for den treeinige Gud. Namna Skapar, Frelsar, og Livgjevar er brukte for å utfylle biletet av Gud.

Dei tinga me set på sirklane viser handling. Me brukar vatnet som Gud skapte. Me tenner Kristuslyset. Me ser dua og kjenner angen av aromaolja som symboliserer Den Heilage Ande. Borna vert inviterte til å finne bilete frå, og/eller få foreldre/fadrar til å fortelje om, dagen då barnet vart døypt. Eller, for dei som ikkje er døypte, sjå fram til sin eigen dåpsdag ved å tenne sitt eige lys frå Kristuslyset.

Materiell

På eit stort fat: dei tre opprulla, kvite filtsirklane ca.30 cm i diameter, ei skål (som døypefont), ei mugge, ei due, litt aromaolje, fyrstikker og lyseløkkjar. I ei korg: Dokke i kvitt teppe eller med kvit 'dåpskjole.' I ei anna korg: Telys. Kristuslyset (kvitt, gjerne vanleg dåpslys) tek du frå bordet framme, der du har Bibelen på kvar samling.

Lysestake og resten av materiellet bør vere nypussa og stelt. Ei pussefille klar for dei som vil jobbe med materiellet etter undringa, er ein god idé.

Det er ikkje alle som finn det best å bruke telys til denne aldersgruppa. Bruk gjerne lysglobe eller globelys med ein sandboks til å setje lysa i.

Ha dei kvite filtsirklane samanrulla og klare til å rulle ut, slik at dei saman dannar ein trekant. Sei: **'I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande,'** medan du legg handa på kvar av sirklane, og gjentek: **'Skaparen, Frelsaren og Livgivaren.'**

Pause.

DETTE GJER DU:

DETTE SEIER DU:

Før timen fyller du mugga med vatn sjekkar fyrstikkene og aromaolja.

Vent til borna har roa seg.

Reis deg og gå rundt i rommet, sjå etter materiellet. Finn fatet og dei to korgene. Finn Kristuslyset på bordet.

Set tinga på begge sider av deg. Finn roen før du tek til å fortelje.

Set deg litt tilbake, ver stille og gled deg over symbolet for den treeinige Gud. Deretter peikar du på kvar sirkel og namngir dei ein gong til.

Set mugga og skåla på Fadersirkelen, Kristus lyset på Kristus-sirkelen og dua og olja på Den Heilag Ande-sirkelen. Gjer dette seint og målbevisst.

Hell vatn i skåla og lytt til lyden av vatnet. Stikk handa di ned i vatnet og rør litt medan du fortel. Fyll handa med vatn og hell det tilbake i skåla.

Når du har undra deg over dette ei stund, ta ei fyrstikke or fyrstikkeska og peik mot lyset.

Tenn fyrstikka og så Kristuslyset.

Sjå. Sjå kor eg går når eg finn denne forteljinga. Å ja! (Vent litt) - dette er forteljinga om dåpen

Me døyper folk i namnet åt Faderen... Sonen... og Den Heilage Ande.

Skaparen... Frelsaren... og Livgjevaren

Dette er vatnet som Gud Skaparen gav oss.

Det vatnet Jesus vart døypt i, det vatnet verda treng for å ha liv, det farlege vatnet i syndfloda, det vatnet Guds folk gjekk gjennom til fridom, det vatnet du vart, eller vil bli døypt i og mykje meir.

Det var eingong ein som sa slike flotte ting, og gjorde slike fantastiske ting, at folk kunne ikkje hjelpe det - dei berre måtte spørje han kven han var. Ein gong dei spurde kven han var, sa han: 'Eg er verdas lys.'

DETTE GJER DU:

Ta korken av oljeflaska.

Ta opp dokka og hald den i fanget.

Ta det første namnet dei føreslår og gå vidare med ein gong.

Bruk tommelen til å teikne ein kross på panna til dokka.

Rør i vatnet og ha vatn på hovudet til dokka.

Legg dokka forsiktig tilbake i korga.

Ta så opp korga med telys.

Send korga rundt så kvart barn får ta kvar sitt telys. Ta til deg sjølv først.

DETTE SEIER DU:

Den Heilage Ande fer dit den vil. Den fer med vinden som ei due og kjem til oss når me treng trøyst og styrke. Den Heilage Ande er usynleg slik som lukta av denne olja. Me kan ikkje sjå den, men likevel er den her.

Folk vert døypte når dei er babyar, barn, tenåringer, vaksne eller til og med gamle. Me skal bruke ei dokke for å vise korleis me gjer.

Me stiller spørsmål til den som skal bli døypt – eller til foreldra og fadrane dersom barnet er for lite til å svare, og me ber for dei. Så er me klare.

*Men vent, kva heiter dokka?
Det er viktig å vite kven som vert døypt, og alle har fått eit namn.*

‘Tomas’ det er eit godt namn.

Tomas, eg signar deg med det heilage krossmerket til eit vitnesbyrd om at du skal tilhøyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus og tru på han. Amen.

Eg døyper deg i namnet åt Faderen, Sonen og den Heilage Ande. Amen.

Ofte får den døypte med seg eit dåpslys som er tent frå Kristus lyset på alteret i kyrkja.

Sei namnet til kvart barn. Sei ditt eige namn først.

DETTE GJER DU:

Tenn lyset ditt på Kristurlyset, og la borna gjere det same.

Undringa fell gjerne vekk etter denne forteljinga. Det har vore mykje undring allereie, og forteljinga er lang.

Teikne omrisset av dei tre sirklane med fingeren din.
Hugs å la synshemma få kjenne med handa kva du snakkar om.

Peik på Kristuslyset.

Teikne omrisset av dua med fingeren.

Teikne/peik med fingeren på omrisset av mugga og skåla.

DETTE SEIER DU:

Ta imot lyset som minner om Jesus Kristus verdas lys . Sjå! Det vert meir lys i rommet, Sjå her! Flammen som alt lyset kjem frå, vert ikkje mindre. Eg lurar på kor mykje lys som kan koma frå eit lys? Sjå! Sjå på alt dette lyset!

Stort er trua sitt mysterium.

Eg lurar på om du hugsar at nokon i din familie vart døypt?

Eg lurar på om du har sett dette i kyrkja?

Eg lurar på kven som set det der?

Kor det er når me ikkje ser det?

Eg lurar på om du har sett noko som liknar på dette i kyrkja?

Eg lurar på kor denne er i kyrkja?

Bartimeus

Markus 10: 46-52

Bakgrunn

Å snakke om sjuke som vert friske i Jesu namn, er kanskje ikkje det lettaste å ta opp med borna. Til denne samlinga kan det vere nyttig å kjenne litt til borna sine vanskelege opplevingar.

I forteljinga er det viktig å få fram at det er tiggaren som ber om hjelp, og at Jesus spør han: Kva vil du eg skal gjere for deg. Tiggaren får i denne forteljinga høve til å velje: kva vil han at Jesus skal gjere for han?

Jesus er han som alltid høyrer, sjølvom me ikkje alltid får det svaret me kunne ønske.

Det viktigaste er for oss alle å venda oss til Jesus og be Jesus om hjelp, same kva det skulle vere. Bøn endrar fokus.

Korleis lækjer Jesus i dag? Døme:

Medisin, samtale, og nokre gonger får me nei.

Jesus har den makta Gud har til å skape. Vi er del av Jesus sin kropp på jorda, og skal også spørje kvarandre: Kva vil du eg skal gjere for deg? Når nokon ropar kyrie! Må vi svare!

Materiell

Dei tre kvite filtsirklane. Enkel kostyme til å dramatisere forteljinga.



Ha dei kvite filt sirklane samanrulla og klar til å rulle ut slik at dei saman dannar ein trekant. Sei: **"I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande,"** medan du legg handa på kvar av sirklane og gjentek: **"Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren."**

Pause.

Sei: **"Det var eingong ein som som sa slike flotte ting, og gjorde slike fantastiske ting at folk berre måtte spørje: Kven er du? Det var Jesus, Han som alltid høyrer."**

"Så kom dei til Jeriko. Og då Jesus drog ut av byen saman med disiplane sine og ei stor folkemengd, sat det ein blind tiggjar attmed vegen. Han heitte Bartimeus og var son til Timeus. Då han høyrde at det var Jesus frå Nasaret som kom, sette han i å ropa: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!» Mange tala hardt til han og bad han teia, men han ropa berre endå høgare: «Du Davids son, miskunna deg over meg!» Då stogga Jesus og sa: «Rop på han!» Dei ropa på den blinde og sa til han: «Ver ved godt mot! Reis deg opp! Han kallar på deg.» Mannen kasta av seg kappa, sprang opp og kom bort til Jesus. «Kva vil du at eg skal gjera for deg?» spurde Jesus. Den blinde svara: «Rabbuni, lat meg få att synet!» Då sa Jesus til han: «Gå du! Trua di har frelst deg.» Med det same kunne han sjå, og han følgde Jesus på vegen.

Stort er trua sitt mysterium.

UNDRING

Eg undrar på kva det første Bartimeus såg var?

Eg undrar på om Bartimeus kjende Jesus?

Eg undrar på kva Bartimeus følte då folk ba han teie?

Eg undrar på om Jesus kan hjelpe oss?

Eg undrar på kva dei som ikkje vart friske tenkte då dei såg det som skjedde med Bartimeus?

Den gode gjetaren

Lukas 15:1-7

Bakgrunn

I denne forteljinga formidlar du noko om kva ei likning er. Difor er delen om gullboksen relativt lang. Det å snakke om dei ulike filtstykkane som ligg i boksen, er tenkt å stimulere fantasien og gjere borna nyfikne på kva dette kan vere. Me ynskjer å vise borna korleis me les, eller høyrer ei likning eller anna bibelforteljing med opne sansar. Denne tanken ligg til grunn i heile dåpsskulen.

Til denne forteljinga kan det vere lurt å vere sikker på at barna veit kva ein gjetar er, og at sauer ikkje er særleg flinke til å passe på seg sjølv. Denne forteljinga er og fin å knyte saman med festen og fellesskapet. Når sauen er funnen, er det noko som vedkjem alle. Alle gler seg i lag.

Materiell

Dei tre kvite filtsirklane.

Dette er ei forteljing der du treng ein del materiell: Gullboksen indikerer at det er noko verdifullt inni. Den kan vere av kartong spraymala med gullfarge, eller det kan vere eit anna fint skrin med lokk, ca. 30x30x7 cm.

Du treng ein del filt: Eit stort stykke grønt: 60x60 cm som du klypper i runde former slik st det minner om ei eng. Brunt gjerde: ca. 9 pinnar a 10x2 cm som skal ligge flatt og danne hegna. Blått stykke, 20X20 forma som eit lite vatn. Litt svart filt til steinar som den bortkomne sauen kan gjøyme seg bak; 4 stk a 3x3 cm.

2 gjetarar; den vanlege og den gode. Den gode ber sauen på akslene. 5 sauer, men ikkje alle heilt like, ein ulv. Desse kan vere av tre eller kartong og leggjast flatt på filten, eller ei kan stå. Desse får du tak i på www.riktigeleker.no, www.pandurohobby.no, husfliden eller i duplo/lego.

La dei kvite filtsirklane liggje i botn frå start til slutt.

Den gode gjetaren

Ha dei kvite filt sirklane samanrulla og klare til å rulle ut slik at dei saman dannar ein trekant. Sei: **"I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande,"** medan du legg handa på kvar av sirklane, og gjentek: **"Skaparen, Frelsaren og Livgivaren."**

Pause.

DETTE GJER DU:

Plasser boksen i midten av ringen, oppå filtsirklane.

Bank på lokket som på ei dør. Når du fortel om at likninga er ei gåve held du den ut mot borna som om du ville gi dei den.

Sett deg tilbake. Ver klar til å opne likninga.

Flytt boksen forsiktig bakover og plasser den ved sida av deg. Ta av lokket, og ta fram det du skal bruke først. Ein ting om gongen.

Ta ut det grønne underlaget. Legg det ned samankrølla. Så glattar du det ut i midten av sirkelen med born.

Snu underlaget. Glatt det ut igjen. Dette kan du gjera meir enn ein gong.

Legg filten på plassane sine (sjå skisse)
Medan du småsnakkar og undrar deg på kva dei ulike filt delene kan vere.
Ta fram sauene og den gode gjetaren sist.

DETTE SEIER DU:

Sjå ! Den er farga som gull. Noko på innsida må vera verdifullt som gull. Kanskje der er ei likning inni?

Boksen ser ut som ei gåve, så kanskje det er ei gåve i den. Likningar vart gitt til deg for lang tid sidan som gåver. Sjølv om du ikkje veit kva ei likning er, så er likninga likevel di. Du treng ikkje ta dei, eller kjøpa dei, dei er alt dine.

Eg har ein idé. La oss sjå inni og sjå kva som er der !

Eg lurar verkeleg på kva dette kan vere? Det er i alle fall grønt. Det er ingenting anna enn grønt her.

Eg lurar meg på om dette kan vera toppen av eit tre ?

Det er eit tøyestykke, men eg undrar meg på kva som er på den andre sida ?

Sjå, der er alltid ei anna side .

DETTE GJER DU:

Set deg tilbake og reflekter ein augneblink. Deretter byrjar du med auka fokus.

Når du seier "Eg er den gode gjetaren", tek du den gode gjetaren ut or gullboksen og held den i handflatene dine. Vis den til borna ved å flytta handa di frå side til side. Deretter plasserer du "Den gode gjetaren"

Når du byrjar å fortelja, brettar du til sides noko av hegna, for å opna porten.

Flytt den gode gjetaren mot graset.
Flytt sauene, ein og ein på rekke der den gode gjetaren gjekk.
Å flytte på sauene må vera ei sakte, flytande rørsle. Fokus på kvar og ein.

Stryk handa di over graset ved hegna.

Flytt sauene, ein og ein til vatnet.

Flytt den gode gjetaren mellom dei svarte filt bitane og byrja deretter å bevega sauene gjennom.

Det er stille medan sauene går gjennom.
Ver komfortabel med det.

Plasser den siste og bortkomne sauene under den eine svarte filtbiten slik at berre hovudet er synleg

DETTE SEIER DU:

Ein gong var det ein som sa slike flotte ting og gjorde så fantastiske ting at folk ville følgja han. Når dei byrja å følgja han, kunne dei ikkje hjelpa for det. Dei berre måtte finna ut kven han var, så dei måtte spørja han. Ein gong dei spurde kven han var, sa han: "Eg er den gode gjetaren."

Eg kjenner namnet til kvar og ein av sauene. Når eg tek dei ut av hegna, følgjer dei etter meg. Eg går føre dei for å visa dei vegen.

Eg viser dei vegen til dei gode beita.

...og eg viser dei vegen til det kalde, stille, friske vatnet.

Når me møter stader med fare.....

....viser eg dei korleis dei skal komma gjennom.

Eg tel kvar og ein medan dei går inn.

Før kvar sau inn i hegna. Du nikkar med hovudet og tel stille kvar og ein. Borna kan delta. Du fører handa di som om den siste, bortkomne sauene går inn. Vis at sauene ikkje er der. Du ser under og over handa. Kor kan den vere?

Til slutt er alle unnateke ein komne gjennom..

Før dei fire sauene berre til opninga i hegna. Den gode gjetaren er tilbake i posisjon der han starta.

Flytt den gode gjetaren framfor hegna og så sakte bortover graset, til vatnet, og gjennom den farlege staden. Porten til hegna let du vera open.

Ta ut sauene som ligg under filt biten og ta den opp på skuldrene til den gode gjetaren..

Flytt den gode gjetaren og den bortkomne sauene gjennom den farlege staden mot hegna. Ta ned den bortkomne sauene og set den på hegna. Plasser den gode gjetaren der han sto i starten. Lukk grinda.

Legg den gode gjetaren i boksen og ta ut den vanlege gjetaren. Hald denne figuren i handflatene dine. Vis den til borna og plasser den på underlaget midt mellom vatnet, den farlege staden, og hegna.

Beveg sauene sakte ut av hegna slik at dei spreier seg i alle retningar. Den femte går forbi den vanlege hyrdingen mot den fjerne kanten av underlaget.

Dersom ein av sauene manglar, vil eg gå kvar som helst for å sjå etter den bortkomne sauene...

på beitet,

til vatnet,

til og med på dei farlege stadene.

Og når den bortkomne sauene vert funnen vil eg ta den på ryggen, sjølv om den er tung, og bera den tilbake så den kan vere trygg i hegna.

Når alle sauene er trygt på innsida, er eg så glad at eg ikkje berre kan ha den gleden med meg sjølv, så eg inviterer alle vennene mine, og me har ein stor fest.

Dette er den vanlege gjetaren. Når den vanlege gjetaren tek sauene ut frå hegna, så viser han dei ikkje alltid vegen.

Sauene vandrar.

DETTE GJER DU:

Ta ulven ut av boksen og vis den til borna, slik du har gjort med dei andre figurane. Plasser den ved den farlege staden med ansiktet mot sauene.

Flytt den vanlege hyrdingen vekk frå underlaget til venstre nær deg, og plasser han i boksen.

Ta den gode hyrdingen ut frå boksen og plasser han mellom ulven og sauene. Sett han bestemt ned og la handa di liggja på han ein augneblink for å stadfesta styrken i denne rørsla..

Snu sauene sakte rundt ein etter ein slik at alle er vende mot hegna.

Deretter flytter du kvar og ein sakte tilbake inn i hegna og lukkar porten.

Det neste du gjer, er å plassera den gode hyrdingen tilbake på startplassen ved sida av hegna. Legg ulven tilbake i boksen.

Len deg tilbake og reflekter ein augneblink over heile likninga.

DETTE SEIER DU:

Når ulven kjem, stikk den vanlege hyrdingen av.....

...men den gode hyrdingen stiller seg mellom ulven og sauene og vil til og med gje livet sitt for sauene.....

...slik at dei kan komma trygt tilbake til hegna.

Stort er trua sitt mysterium.

UNDRING

Eg undrast eg på om desse sauene har namn?

Eg undrast kor denne staden eigentleg kan vera?

Eg undrast på om du nokon gong har vore på ein slik stad?

Eg undrast på om du nokon gong har funne det gode graset?

Eg undrast på om du nokon gong har lete det kalde, klare, friske vatnet komme borti deg?

Eg undrast på om du nokon gong har måtta gå gjennom ein farleg plass?

Eg undrast på korleis du kom gjennom?

Eg undrast på om du nokon gong har komme vekk og vore sakna?

Eg undrast på om du nokon gong er blitt funnen att?

Eg undrast på om den gode hyrdingen nokon gong har ropt på deg?

Sakkeus

Lukas 19:1-10

Bakgrunn

Jesus er han som alltid ser. Kva såg Jesus denne gongen? Jesus såg "eit Abraham's barn." Folk flest såg ein person som hadde rota livet sitt til, og hadde seg sjølv å takke. Ein det var lov å ikkje like. Ein som stjal.

Jesus såg Sakkeus i mengden, såg at han var ein som hadde sett seg utføre samfunnet ved å handle som han gjorde. Jesus såg at ingen såg ut til å hjelpe han ut or uføret og inn i felleskapet att. Jesus gir Sakkeus livet på ny, ved å ta inn hjå Sakkeus. Dette fekk konsekvenser. Sakkeus vel å gi respons som knyter han inn i fellesskapet igjen.

Kva vil vi fortelje fram i denne kjende forteljinga? Det kan vere lett og konkret å snakke om at Sakkeus var liten og klatra opp i et tre, men det er både viktigare og vanskelgare å få fram at Jesus kom med frelse til Sakkeus. Korleis skjedde det?

Måltid og felleskap er verkemidla Jesus sjølv brukar for å nå inn til Sakkeus, for å minne han på at han og er "eit Abraham's barn", eit menneske det er verd å bry seg om.

"Frelse" er eit av dei mest sentrale omgrepa me har i den kristne trua, og i denne samlinga får ein eit unikt høve til å ta opp og undre seg over netopp frelsa. Ikkje minst viser Sakkeus oss tydeleg at å ta imot frelse fører til at ein vil gi respons.

Ver førebudd på at materiell rikdom er eit tema som gjerne dukkar opp i undringa etter denne forteljinga.

Materiell

Dei tre kvite filtsirklane.

5 (A4) illustrasjonar som viser forteljinga, med hovedvekt på: menneskeverd, felleskap, måltid, frelse, respons. Desse kan du lage sjølv, eller låne frå andre opplegg om Sakkeus. Legg illustrasjonane ned framføre borna etterkvart som du fortel.

Eller, dersom de er nok hjelparar (vaksne, konfirmantar eller 11 åringar?) kostymer, til eit dramastykke om Jesus og Sakkeus med hovedvekt på menneskeverd, felleskap, måltid, frelse, respons.

SAKKEUS

Ha dei kvite filt sirklane samanrulla og klar til å rulle ut slik at dei saman dannar ein trekant. sei: **"I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande"** medan du legg handa på kvar av sirklane, og gjentek: **"Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren."**

Pause.

Sei: **"Det var eingong ein som som sa slike flotte ting, og gjorde slike fantastiske ting at folk berre måtte spørje: Kven er du? Det var Jesus, han som alltid ser."**

Sakkeus var ein mann som samla inn skatt frå folk. Det var pengar dei måtte betala til kongen. Men Sakkeus tok meir pengar enn han hadde lov til. Han tok dei sjølv for å bli rik. Ikkje mange likte Sakkeus.

Ein dag kom Jesus til byen. Alle gjekk for å sjå han. Til og med Sakkeus. Men Sakkeus hadde eit problem. Han var så liten. Alle stod i vegen for han. Han kunne ikkje sjå noko.

Då fekk Sakkeus ein ide. Han sprang lenger fram og klatra opp i eit stort tre. Han hadde funne ein perfekt plass der han kunne sjå Jesus, og alt folket som kom.

Då Jesus kom bort til treet, stansa han. Han såg opp på Sakkeus. "Sakkeus" sa han, "kom ned. I dag vil eg besøkja deg!"

Sakkeus klatra ned frå treet. Jesus ville besøkja han! Han tok Jesus med seg heim. Det var det mange folk som ikkje likte, men Sakkeus sa til Jesus: "No vil eg gjera det som er rett. Har eg tatt for mykje pengar frå nokon, vil eg gi dei tilbake. Eg vil gi halvparten av det eg eig til dei fattige. Så vil eg gi fire gonger det eg tok frå dei eg truga pangar frå." Jesus vart glad og sa: "I dag er frelse komme til dette huset."

Stort er trua sitt mysterium.

UNDRING

Eg undrar på kvifor Jesus ville besøkja Sakkeus?

Eg undrar på kva dei snakka om?

Eg undrar på kvifor folk ikkje likte at Jesus besøkte Sakkeus?

Eg undrar på kva det var Sakkeus gjorde som var rett?





Påske

Lukas 22–24, Matteus 26–28, Markus 14–16, Johannes 18–20

Bakgrunn

Jesus seier om seg sjølv: Eg er vegen sanninga og livet. (Joh 14) I denne samlinga ynskjer me at dette sentrale bibelverset skal få ei forteljing – ei hending – knytt til seg. Vår bøn og målsetjing er at borna oppdagar korleis frelseshistoria heng saman. Dei skal vita kva som skjedde med Jesus, og kvifor det er viktig for oss.

Påskeforteljinga er rik på både handling og detaljar, og ein kan difor rote seg bort og ikkje komme heilt fram til poenget. Vi kan unngå det dersom vi er merksame nok.

I Johannes 14 spør ein av læresveinane Jesus: kvar er vegen? Forteljinga om Jesu liding og død har fleire element av vandring. Jesus kom ridande inn i Jerusalem, han gjekk til Getsemane, vart teken til rådsherrane, gjekk til Golgata, kom gåande i hagen etter oppstoda.

I denne forteljinga ynskjer me å få fram at me går på vegen i lag med Jesus, og at vegen er der Jesus er – også når Jesus går lidingsvegen, gjennom døden og står opp igjen med siger over alt vondt. Livet med Jesus tek til i dåpen, og døypefonten er difor startpunktet i vandringa. Heile vandringa skjer i Guds hus. Det kan vera eit bilete på at heile livsvegen vår, vandringa gjennom livet, er i Herrens hender.

Materiell

Heile denne samlinga føregår i kyrkjerommet. Å vandre, dvs. gå og reflektere på ein gong, er og eit verktøy som hjelper til med formidlinga. Ta deg ein tur på førehand for å leite fram påskesymbol i kyrkjerommet. Dersom desse kan flyttast, eller stoppestadane kan bytast om, er det aller best for vandringa at det er eit symbol ved kvar stoppestad. Det er tid til undring ved kvar stoppestad.

Musikk, salmar og song høyrer med til ressursane i denne samlinga. Ha med kantor/organist og bruk salmar/songar og musikk de brukar i påskegudstenestene. De veit best sjølv kvar dei passar inn i vandringa.

Tent Påskelys/Kristuslys i golvstake, eller lysglobe plassert mellom 6. og 7. stoppestad.

Enkle kostymer til Pilatus, Jesus, Peter og kvinna. Kantor og forteljar kan gjerne ha desse rollene.

1. stoppestad: **Ved kyrkjedøra**
2. stoppestad: **Alterringen**
3. stoppestad: **Første eller andre benkerad på eine sida**
4. stoppestad: **Ved inngangsdøra på same sida**
5. stoppestad: **Ved inngangsdøra på motsett side**
6. stoppestad: **Første eller andre benkerad på same side som døypefonten**
7. stoppestad: **Døypefonten**

Før de går inn i kyrkjerommet:

Er de klare?....

Gå innanfor døra:

I. stoppestad: Palmesøndag. Ved kyrkjedøra.

Ha dei kvite filt sirklane samanrulla og klare til å rulle ut, slik at dei saman dannar ein trekant. Sei: **"I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande"** medan du legg handa på kvar av sirklane, og gjentek: **"Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren."**

Pause.

Sei: **"Det var eingong ein som sa slike flotte ting, og gjorde slike fantastiske ting at folk berre måtte spørje: Kven er du? Det var Jesus, han som er vegen, sanninga og livet.**

Jesu reid inn i Jerusalem:

No var det høgtid i byen Jerusalem og mange folk var samla. Jesus og læresveinane hans var også på veg til Jerusalem. Jesus hadde mange som følgde han no. Det var mange som ville at Jesus skulle vere kongen deira – ein som kunne frigjere landet deira frå okkupasjonsmakta, romarane. Difor la dei kappene sine på vegen og ropte "hurra for Kongen" då Jesus reid inn i Jerusalem på ein eselfole.

Jesus var konge, men ikkje på den måten folk hadde tenkt seg.

Eg undrar meg på kva konge Jesus er?

Gå til 2. Stoppestad, gjerne med sang.

2. stoppestad: Innstiftinga av nattverden. Alterringen.

Det gjekk ikkje lenge før læresveinane lærte kva det ville seia at Jesus var ein annleis konge: Jesus hadde bede læresveinane sine om å lage til påskemåltid til kvelden, og som skikken var skulle alle vaske føtene før dei åt. Det var som regel tenarar som vaska føtene til gjestene, og det var ikkje ein populær jobb. No tek Jesus til å vaske føtene til læresveinane! (Joh 13:1-17) Peter protesterte, men Jesus forklarte at den som er stor i Guds rike, er den som gjer tenester for andre.

Ha klar ein stol, vaskevannsfat, mugge og handkle og vask føtene til dei borna som vil.

Då alle var klare, heldt dei måltid. Jesus sette, brødet og vinen på bordet, ba takkebøna og sa: Dette er min kropp og mitt blod som eg gjev i dykkar stad. Gjer dette til minne om meg.

Judas var ein av læresveinane. Jesus sine fiendar hadde betalt han for å vise dei kor Jesus var. Dei hadde lokka Judas med pengar for å finne Jesus og ta han.

Eg undrar på om Judas hadde det godt den kvelden?

Gå til 3. stoppestad.



3. stoppestad: Getsemane. Første eller andre benkerad på eine sida.

Etter måltidet gjekk Jesus, saman med læresveinane, til Getsemanehagen. Jesus ba læresveinane vera med å be om at han ikkje måtte bli freista, men dei sovna i staden. Jesus var redd for å døye (Luk 22:44) og ba så godt han kunne: "Gud, far, lat viljen din skje!"

Plutseleg sto Judas der, saman med ein heil flokk soldatar og leiarar i byen. Dei hadde våpen og tok Jesus med makt som om han var ein forbrytar. Jesus gjorde ikkje motstand, men vart med dei og sa: " Dette er dykkar sjanse, no er det mørket som rår" (Luk 22:53)

Eg undrar på om det var nokon som hjalp Jesus?

Gå til 4. stoppestad.

4. stoppestad: Pilatus og dommen. Ved inngangsdøra på same sida.

Fiendane til Jesus ville at Jesus skulle dømmast til døden. Dei ville få han vekk. Men det var ikkje så enkelt. Kva var det eigentleg Jesus hadde gjort gale?

Drama: Pilatus: Er du kongen over jødane?
Jesus: Mitt rike er ikkje av denne verda.
Pilatus: Så er du då konge?
Jesus: Eg er konge og eg skal fortelja om sanninga.

Pilatus kunne ikkje sjå at Jesus var farleg eller hadde gjort noko gale, men jødane sa at han måtte dømmast til døden fordi han sa han var Guds Son. (Joh 19:7)
Slik vart Jesus dømd til å døy på ein kross. Soldatane piska han, laga tornekrona til han og spytta på han.

Eg undrar på om Jesus ville ta igjen når dei var stygge med han?

Gå til 5. stoppestad

5. stoppestad: Peter som fornekta Jesus.

Ved inngangsdøra på motsett side.

Peter hadde fylgd med på avstand då dei tok Jesus til fange. Han kom seg heilt fram til rettsalen der Jesus skulle dømmast. Plutseleg var det nokon som kjende Peter att:

Drama: Kvinne: Er du og ein av læresveinane til denne mannen?
Peter: Nei, det er eg ikkje.
Kvinne: Jo, du snakkar same dialekten som han.
Peter: Eg kjenner han ikkje!
Kvinne: Å, jo da! Me såg deg i hagen då Jesus vart teken til fange!
Peter: Nei! Du tek feil! Eg forstår ikkje kva du snakkar om!

Då Jesus og læresveinane hadde måltidet tidlegare om kvelden, hadde Peter sagt til Jesus: "Eg skal aldri svikta deg, eg er klar til å døy for deg." Då sa Jesus til han: "Peter, før hanen gjel i natt kjem du til å nekta tre gonger for at du kjenner meg". No var det nett det som hadde hendt.
Peter forsto og var svært lei seg.

**Eg undrar på kvifor Peter vart så redd?
Eg undrar på kva Jesus tenkte om Peter?**

Gå til 6. stoppestad



6. stoppestad: Golgata.

Første benkerad på same side som døypefonten.

Jesus vart dømd til å hengjast på ein kross og døy der. Krossen måtte berast til staden der det skulle skje, til Golgata. To andre menn skulle også krossfestast den dagen. Då dei tre mennene hang der på kvar sin kross, og venta på at dei skulle dø, sa den eine til Jesus: Dersom du er konge, frels oss alle tre! Men den andre sa: "Vent litt! Du og eg fortener dommen vi har fått. Jesus har ikkje gjort noko galt." Så såg han på Jesus og sa: "Hugs meg når du kjem til ditt rike" Då sa Jesus til han: Veit du kva? I dag skal du vera med meg i Paradis!"

Ei stund seinare, rett før Jesus trekte pusten for siste gong, ropa han høgt: "Far, i dine hender gjev eg mi ånd!" Så døde han, og sjølv om det var midt på dagen vart det heilt mørkt ute.

Blås ut Kristus-lyset.

Då Jesus var død, fekk to av venene hans lov å ta kroppen ned av krossen. Dei salva den med god lukt, og tok eit kvitt klede rundt den. Så la dei kroppen til Jesus i ei grav i ein hage like ved. Grava var laga i fjellet, med ein stor stein framføre inngangen.

**Eg undrar på kvifor Jesus måtte døy når han ikkje hadde gjort noko galt?
Eg undrar på om Jesus hadde det vondt på krossen?**

Gå til 7. stoppestad.

7. stoppestad: Oppstoda. Ved døypefonten.

Tidleg søndag morgon, kom Maria Magdalena til Jesus si grav. Der såg ho at steinen var velta vekk. Ho gjekk inn i grava og møtte to englar. Den eine engelen sa: "Ver ikkje redd! Jesus er ikkje her, han er stått opp frå dei døde. Han lever! Gå og fortel læresveinane og Peter kva som har hendt!"

Då ho kom ut or grava, kom Jesus gåande mot henne, men ho kjende han ikkje att. Ho trudde det var gartnaren. "Maria" sa Jesus, då snudde ho seg og sa "Meister!" Ho visste at det var Jesus.

Tenn Krisus-lyset.

STORT ER TRUA SITT MYSTERIUM

**Eg undrar på kven som rulla vekk steinen?
Eg undrar på kvifor Jesus vart levande att?**

Den heilage nattverden

Lukas 22:24, Matt 26–28, Mark 14–16, Joh 18–20

Bakgrunn

Nattverden er eit hovudtema i trusopplæringsplanen for denne aldersgruppa, difor møter borna nattverden i fleire av samlingane, samt i gudstenesta. Alt verken kan eller skal seiast om kva nattverden er, men desse elementa må leggjast vekt på: Dåpen, fellesskapet og at Ordet tek del i nattverden. Jesus innstifta nattverden og deler seg sjølv med oss gong på gong.

Det er mykje bakgrunnsstoff ein kan bruke når ein førebur denne samlinga, men den beste førebuinga vil nok vere å kunne evangelietekstane godt.

Går ein enno lenger tilbake kan ein friske opp forteljinga om påskehøgtida og utfarten frå Egypt (2.mos 12).

Kyrkja har hatt mange ulike nattverdstradisjonar, og den borna kanskje tek opp er kva ein oblat er? (usyra brød jfr. utferda frå Egypt) og kanskje kvifor vin og ikkje saft. (det er ferre bakterier som overlever i vin. Vatn var sjeldan reint nok til å lage saft av på Jesu tid) Barn er konkrete, og undrings spørsmåla reflekterer dette.

Materiale

Dei tre kvite filt sirkane. Eit vidt fat, raude druer, mugge med raud vin, stort fint glas. Kornaks, (eller korn), grovt brød i ei korg, mugge med vatn, og skål til å tømme vatnet i. Bibel.

DEN HEILAGE NATTVERDEN

Ha dei kvite filt sirkane samanrulla og klar til å rulle ut slik at dei saman dannar ein trekant. Sei: **"I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande,"** medan du legg handa på kvar av sirkane, og gjentek: **"Skaparen, Frelsaren og Livgivaren."**

Pause.

Sei: **"Det var eingong ein som sa slike flotte ting, og gjorde slike fantastiske ting at folk berre måtte spørje: Kven er du? Det var Jesus, Han som er livsens brød."**

DETTE GJER DU:

Før timen finn du fram og ordnar alt materiellet. Plasser det der du vil hente det. Vent til barna har roa seg.

Sjå etter materiellet. Finn filtsirklane, skåla og mugga med vatn.

Set tinga på begge sider av deg. Finn roen før du tek til å fortelje. Rull ut den første sirkelen. Flat den ut. Rull ut den andre, flat den ut. Og så den tredje, like eins. Lat sirklane overlappe kvarandre. Ta tid. Set deg litt tilbake, ver stille og gled deg over symbolet for den treeinige Gud. Deretter peikar du på kvar sirkel og namngir dei ein gong til.

Set mugga og skåla i senteret for dei tre sirklane.

Tøm vatn i skåla og lytt til lyden av vatnet.

Løft vatnet og lat det renne ut av handa. Sit stilt og sjå på vatnet mens du auser det tre gongar. Reis deg og hent skåla med brød og kornaks (eller korn). Set dei på sirklane. Hent mugga med raud vin og skål med raude druer. Set det på sirklane.

Set deg. Finn roen. Løft kornakset og kjenn på det (Løft korna og kjenn på dei.) Set det tilbake på plass

DETTE SEIER DU:

Sjå! Sjå kor eg går når eg finn denne forteljinga. Å ja. (Vent litt.) Dette er forteljinga om nattverden.

Me døyper folk i namnet åt Faderen ... Sonen ... og Den Heilage Ande

Skaparen ... Frelsaren ... Livgivaren ...

Dette er vatnet som Gud Skaparen gav oss. Det vatnet Jesus vart døypt i, det vatnet du vart -eller vil bli døypt i.

Dette er vatnet – og når orda "Eg døyper deg i namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande" vert sagt og vatnet vert aust over han eller ho som blir døypt, så blir dei fødde på ny. Får eit nytt liv. Et liv i Kristus.

DETTE GJER DU:

Løft opp brødet

Set det på plass. Ver stille.

Løft opp druene
Set druene tilbake.

Løft mugga med vin og hell i eit glas.
Løft glaset – sjå på den raude fargen.

Sett glaset ned.
Reis deg for å hente Bibelen.
Opne han på ei av nattverdforteljingane.
Legg han open.

Peik på skåla med vatn. Løft vatnet og sei:

Løft brødet og sei:

Sett brødet ned.

Løft glaset med vin og sei:

Set glaset ned.

Peik på skåla med vatn.

Peik på Bibelen

DETTE SEIER DU:

Kornet veks opp av jorda. Veks – og blir hausta inn. Blir malt til mjøl – knust og malt.

Brød for oss – blir det laga av mjølet.

Druer – frå vinranker som veks opp av jorda. Fulle av saft.

*Vin – saft frå druer som er klemt sund.
Vin for oss – blir det laga av druene.*

Kva seier Bibelen om alt dette?

I dåpen blir vi fødde på ny i namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Siste kvelden før Jesus vart krossfest, hende dette: Jesus tok eit brød, takka, braut det, gav venene sine og sa: Ta dette og et det, dette er kroppen min.

Etter at han hadde delt ut brødet, tok han eit stort glas, takka, gav dei og sa: "Drikk alle av den, dette er blodet mitt." Når vi feirar nattverd, høyrer vi at Jesus seier vinen er hans blod. Og at vi skal drikke.

Alt liv treng næring, mat og drikke. Jesus seier at han er livsens brød. Når vi feirar nattverd deler Jesus seg sjølv med oss og knyter oss nærare han.

I dåpen blir vi fødde til eit nytt liv.

Bibelen fortel oss kor vi kan få næring til livet. Alt liv treng næring. Vi treng å høyre orda i Bibelen.

DETTE GJER DU:

Peik på brødet

Peik på vinen

Vis rundt i sirkelen

DETTE SEIER DU:

Vi treng å ete brødet, Jesu kropp

Vi treng å drikke vinen, Jesu blod.

Vi treng å vere saman med andre kristne.

Stort er trua sitt mysterium.

UNDRING

Eg undrar på kven som var med på dette måltidet første gongen?

Eg undrar på om det smaka likt då?

Eg undrar på om det var nok til alle?

Eg undrar på kvifor Jesus sa at brødet var kroppen hans?

... og at vinen var blodet hans?

Eg undrar på om me MÅ ta det?

Eg undrar på kvifor me kallar måltidet nattverd?

Gudstenesta

Gudstenesta er den 8. samlinga i dåpsskulen.



Den bør vere ei ordinær, forordna gudsteneste, og eit samarbeid mellom dei som har ansvaret for gudstenesta, og dei som driv dåpsskulen. Dåpsskule-borna bør i stor grad vere med å lage, førebu og leie gudstenesta.

Her er forslag til kva som bør vere med:

- *Evangelieteksten bør vere ein av forteljingane som er brukte i dåpsskulen.*
- *Dåp eller påminning om dåpen.*
- *Nattverd*
- *Fadervår med teiknspråk, der (nokre av?) elevane ber med teknspråk.*
- *Salmer*
- *Inngangsprosesjon der vatn, brød, vin og Bibel vert bore fram.*
- *I kunngjeringane bør det forteljast om dåpsskulen.*

EIGNE NOTATER:

Sonen som kom heim

Bakgrunn

På den tida Jesus levde var det heilt uvanleg at gamle eller vaksne menn sprang. I denne forteljinga spring faren. Gud er som denne faren, som gjer noko heilt uventa fordi han er så glad for å sjå sonen sin att.

Undrings spørsmåla er meint som eit utval. Dei er laga for å setje i gong undringa hjå borna. Denne undringa kan imidlertid setje igong store tema som ikkje er verken idylliske eller ideelle. Då skal me vite kva me forkynner: Gud er den som alltid og uansett ventar – ja, kjem springande imot oss. Ikkje alle opplever denne omsorga i sin kvardag, det må ikkje verte gøymt under teppet dersom det kjem opp, heller ikkje løysast med enkle ord. Det du som forteljar har høve til å demonstrere, er at her er det trygt å fortelje om dei vanskelege tinga også. Slik kan du vere "ei/ein som alltid ventar."

Materiale

Til denne forteljinga vil ein leggje vekt på å lære borna at dette står i Bibelen. Det er mindre viktig kva utgåve av Bibelen som ligg på bordet framme, det som er viktig er at borna ser at du brukar den og held den høgt. Dette er Guds heilage ord.

Legg vinn på å lære forteljinga utenat, og vis borna til innleiing at denne forteljinga står i Bibelen, men at du har den i hjarte også, difor vil du fortelje dei utan å bruke boka. Deretter lukkar du Bibelen din – med ei stille bøn om at Ordet må virke – held Bibelen trygt i hendene/fanget og tek til å fortelje frå teksten i denne utgåva:

Det er ikkje noko blikkfang denne gongen. Ikkje utanom deg som sit og held Bibelen og har forteljinga i hjarte. Men det er jo eit tydeleg bilete!



Sonen som kom heim

Ha dei kvite filt sirklane samanrulla og klar til å rulle ut slik at dei saman dannar ein trekant. sei: *"I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande," medan du legg handa på kvar av sirklane, og gjentek: "Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren."*

Pause.

Sei: *"Det var eingong ein som som sa slike flotte ting, og gjorde slike fantastiske ting at folk berre måtte spørje: Kven er du? Det var Jesus, han som fortalde om sonen som kom heim.*

DETTE GJER DU:

DETTE SEIER DU:

Hent Bibelen der den ligg på bordet mellom to tende lys.

Set deg. Sjå deg rundt, smil og finn roen.

Vis fram Bibelen, gjerne sida der forteljinga byrjar.

Deretter lukkar du Bibelen din – med ei stille bøn om at Ordet må virke – held Bibelen trygt i hendene/fanget og tek til å fortelje:

Jesus likte å fortelja historier som hadde ei særleg meining. Ein gong fortalde han dette:

"Ein mann hadde to søner", byrja han. "Den eldste ville helst vere heime, men den yngste kjeda seg heime. Han drøymde om eit spennande liv langt borte. Ein dag bestemte han seg for å reisa heimanfrå. Han gjekk til far sin: "Eg veit at noko av det du eig, skal bli mitt" sa han. "Eg vil at du skal gje meg min del no."

Faren gav sonen sin det som var hans. Sonen tok med seg alt og reiste bort. Til å begynna med var han berre glad.

Han gjorde akkurat som han sjølv ville. Han reiste kvar han ville. Han kjøpte alt han ville. Han tenkte aldri på andre enn seg sjølv.

Etter ei stund hadde han brukt opp alle pengene sine. Han hadde ikkje pengar til mat ein gong. Difor tok han seg arbeid som grisepassar. Han var lei seg. Han ville gjerne reisa heim. Men han var redd også. Kanskje faren ikkje likte han lenger?

Men han begynte på den lange reisa heimover. I det minste kunne han vera ein tenar i staden for son.

Faren såg at han kom. Han sprang imot han. Han klemde og kysste han. "Lat oss gle oss saman!" sa han til dei som sto rundt. "Sonen min var borte, men no er han kommen tilbake!"

Sit roleg og sjå ned, før du tek til å undre deg. Smil.

Stort er trua sitt mysterium.

UNDRING

Eg lurar på kva faren tenkte når sonen hans reiste?

Eg lurar på korleis guten hadde det då han var kommen heim att?

Eg lurar på kva som hadde skjedd dersom det var broren som tok imot han som kom heim?

Eg lurar på om du har vore vekke åleine nokon gong?

Eg lurar på om du hugsar ein gong du vart godt tatt imot?

Eg lurar på om nokon venta på deg då?

Eg lurar på om Gud ventar på meg?

Praktisk tilrettelegging

Dersom du no har lese den første delen av boka kan det godt vere at du ser føre deg korleis du vil utforme dåpsskulen dykkar. Då brukar du dei neste sidene kun som referanse.

Dersom du har mange spørsmål om korleis du reint praktisk skal lage dåpsskule, vil du nok ha bruk for det meste i dette kapitlet.

Uansett er det praktisk hugseliste for dåpsskulen.



Tid og stad

Det er vel kjent at mange kyrkjelydar, enkeltpersonar og familiar ofte har mange meiningsfulle og viktige oppgåver å engasjere seg i. Dåpsskulen vert ei av mange oppgåver. Dersom du lagar dåpsskule for første gong, stiller du gjerne sist i køen om tid, plass og merksemd. Kva gjer du då?

Dei som har overordna ansvar for arbeidet i kyrkjelyden må vere med på å bestemme kor mykje tid som skal brukast på denne oppgåva. Her skal me vere frimodige og halde fram det kyrkjelyden, fadrar og foreldre har lova dei døypte. Dåpsskulen er laga etter Trusopplæringsplanen, som vil bruke 15 timar til kvar 6-åring og 50 timar til kvar konfirmant.

Temavalet gjer at dåpsskulen passar best inn i kyrkjeåret i faste – påsketida, men som kjent er det mange faktorar som spelar inn. Opplegget fungerer godt om hausten også.

Her er idéar til tidsbruk for dåpsskule:

- 8 samlingar etter skulen (med henting/bringing til SFO) og ei gudsteneste.
- 4 doble samlingar på skulen sine fri eller planleggingsdagar og ei gudsteneste
- 15 timar delt over på 2-3 helger
- 15 timar på bu heime-leir i sommarferien

Eit nyttig tips er å ha ein tydeleg start og slutt på dåpsskuletida. Heile kyrkjelyden tek på denne måten dåpsskulen "inn i varmen" .

Dåpsskulen er kanskje lettast å få til i eit kyrkjerom, men det er ikkje avgjerande. Mange får til flotte rom i skular eller forsamlingshus. (sjå side 54 om rommet)

Ei god dåpsskulegruppe er på 15 barn og minimum 2 vaksne, helst ei kvinne og ein mann.

Annonsering, velkomstbrev og innmelding

Dåpsskulen er ei påminning med referanse til det ansvaret foreldre/føresette tok då dei bar borna sine til dåpen for om lag 6 år sidan. Likevel ser mange på dåpsskulen som eit av mange tilbod. Noko ein kan velge vekk. Eit brev i postkassa i svart-kvitt vert lett gløymt, eller knapt opna. Korleis når me ut til alle dei aktuelle heimane med informasjon og invitasjon om dåpsskule?

Oftast er det kombinasjonar av desse faktorane som gjev det beste utslaget:

- Annonse i lokalavis eller kyrkjelydsblad
- Fargerikt brev i posten utan for mykje tekst, men undertekna sokneprest og dåpskuleansvarleg
- Plakatar ved nærbutikken eller togstasjonen
- Plass i kunngjeringane og i forbøna i gudstenesta meir enn ein søndag
- Gode rykter om tilbodet eller leiarane
- Innarbeidd tradisjon og aktiv bruk av dåpsamtalen

Informasjonen bør komme i fleire fasar. Ved semesterstart, ein månad før og aller helst ei påminning ei veke før. Det aller beste er at dåpsskulen vert innarbeidd og får sin faste og sjølvsgdde plass slik konfirmasjonen har det. Då ventar folk på informasjonen.

EIGNE NOTATER:

Open for alle

Påmeldingsskjemaet frå kyrkjelyden bør understreka at dåpsskulen er open for alle og ha eit felt der ein kan melde om serlege ynskje om tilrettelegging. Så er det viktig å ta personleg kontakt med heimane der ein veit at barnet treng noko ekstra og invitere til dåpsskulen. I kyrkja har det vore noko ymse i kva grad me har invitert og lagt til rette for at alle skal kunna ta del. Derfor er det foreldre som ikkje melder barna sine på. Dei trur ikkje det er høve for deira barn å vere med. Difor er det særskilt viktig at me inviterer og viser at me ynskjer dei skal vere med. Trusopplæringa i kyrkjelyden er eit tilbod til alle.

Etter første registrering må ein då finne ut kva type tilrettelegging som ein treng.

EIGNE NOTATER:

Økonomi og eigenbetaling

Det kostar sjølvsagt å drive dåpsskule, og ein må skaffe inntekter.

- Når dåpsskulen er gjennom nålauga og ei prioritert oppgåve i kyrkjelyden, må dette arbeidet fylgjast opp med øyremerkta midlar.
- Ein kan også søke om støtte frå OVF (Opplysningsvesenets fond) Der er søknadsfristen 1. desember. Vær nøye med å hugse alle utgiftene når du søker. (løn, husleige, utgifter til køyring m.m)
- Dersom ein har eigenbetaling er det lettare å få støtte av kommunen, lokale bankar, næringsliv eller kristne organisasjonar.

Eigenbetaling: Det kan vere positivt for dei som får tilbodet med eigenbetaling. Det viser at tilbodet er godt organisert og gjennomtenkt. Andre tilbod til born som me kan samanlikne dåpsskulen med, er til dømes kulturskulen og idretten. Dei brukar eigenbetaling for å finansiere sine tilbod. 100 kr pr. barn for heile dåpsskulen bør vere minimum dersom de vel å bruke eigenbetaling.

Det negative med eigenbetaling er at det kan hindre einkvan i å vera med. Då er det kanskje ein idé å få til ein sponsor-avtale i det stille? La ein person i kyrkjelyden betale for eit barn i dåpsskulen. Kanskje ordninga også kan presenterast i kunngjeringane i gudstenesta og i kyrkjelydsbladet? Dette må sjølvsagt vera på ein måte som ikkje heng ut dei heimane som ikkje vil eller kan betale for dåpsskulen. Små, avgrensa og konkrete føremål er som regel lettast å få støtte til hjå gjevarar.

EIGNE NOTATER:

Frivillige

Kven vil vere med på å lage dåpsskulen ? Det kan vere fleire enn du trur.

Kanskje fins det uføretrygda du ikkje har tenkt på?

Kva med dei som nettopp har flytta til landet. Har dei tid og lyst?

Eller det er pensjonistar/ besteforeldre til borna i dåpsskulen som kan?

- Når du oppmodar folk, spør om dei har lyst.
- Kva har dei lyst å hjelpe med.
- Sei ifrå med ein gong kor omfattande tenesta er og kor lang tid ein treng hjelp.

Hugs at det er mange oppgåver som ikkje knyter seg direkte til undervising eller forkynning. Det er sjeldan den som kan halde andakt som kan (eller bør) ta alle andre oppgåver også. Å kunne halde andakt er ikkje naudsynt dersom ein skal:

- gjere klart på førehand
- lage mat til festen
- hente og bringe
- hjelpe til med respons/aktivitet
- ta imot barna når dei kjem og når dei skal gå

Ta med tema frivillige i dåpsskulen til bønneceller og enkeltpersonar som kan be om dette. Ta det også med i kyrkjelyden si forbøn.

EIGNE NOTATER:

Foreldremøte

Det er viktig å ha god og open kontakt med foreldre og føresette. Dei er som regel opptekne både av kvaliteten på tilbodet og av kva omsorg og merksemd barna får. Når dette fungerer godt, vert det skapt eit godt fundament for dåpskulen no og i framtida..

Foreldremøtet er difor staden både for å presentere dåpskulen og lytte til forteldre/føresette sine spørsmål og innspel. Dette møtet skal byggje tillit begge vegar. Foreldremøtet slik det er presentert her, fungerer best før dåpskule oppstart.

Tema:

- Innleiing - dåpskulen skal vere hjelp til foreldre og fadrar når det gjeld dåpsløftet dei gav. Dåpskulen og konfirmasjonstida handlar om det same.
- Velg eit tema som dei fleste foreldre/føresette har interesse av, til dømes "Å leve med ein 6-åring i huset". Innleiing ved..... far til 5, helsesøster, diakon, etc. Kveldsmat, spørsmål og samtale etterpå .
- Hugs å opplyse om at foreldre/føresette alltid er velkomne til å vere med på samlingane. Det kan kjennast krevjande for den som leiar dåpskulen, men prinsippet om at det me gjer i dåpskulen er ope for foreldre/føresette (ikkje søsken) er viktig! Kanskje dei etterkvart vil hjelpe til?
- På gudstenesta der dåpskulen deltek er det nattverd. Snakk om nattverden, kva den er og kven den er for.

Praktisk informasjon

- Transport. Kva treng heimane? Kva kan din kyrkjelyd tilby der, hente, bringe? Frivillege sjåførar? Hugs skriftleg løyve til å transportere barna, samt lovleg sikring i bil.
- Kjenner heimar der barnet har særskilde behov seg inkluderte i dåpsskulen? Kva skal leggjast til rette? Kven gjer dette?
- Kva mat får dei? Er det gluten-allergi, diabetes eller vegetarianarar i gruppa?
- Eigenbetaling. Kostar tilbodet noko?
- Tid:
- Stad:

Til slutt: Vis ei av forteljingane: helst den siste om å koma tilbake. La dei føresette få med seg ei velsigning før dei går heim.

EIGNE NOTATER:

Rommet

Når borna kjem til dåpsskulen, vil me at dei skal oppleve og kjenne noko av det Frans av Assisi helsar med når han seier ” Fred og alt godt”.

Rommet me brukar skal vere med på å kommunisere noko av dette. Difor legg me vinn på å klargjere rommet me brukar, anten det er eit klasserom, eit kyrkjerom eller eit anna rom.

ROMMET HAR TYDELIG MARKERT:

Inngang og utgang.

Alterbord, kvit duk, kvitt lys i blank fin stake

Arbeidsbord

Plass til festen

Det er fascinerande å sjå kor tydeleg positivt ein del born reagerer på at noko så enkelt som rommet er klargjort og fint, at det er stille og oversiktleg og at dei skal få ta dette i bruk!


Det er ikkje fart og spenning som er vår merkevare, det er heller ikkje ei kunstutstilling eller eit museum. Det er eit rom fylt av Fred og alt godt – for dei til å bruke.

Ein medhjelpar som kan gjere rommet klart, er viktig. Mykje kan gå tapt dersom denne delen av førebuinga skjer i hui og hast.

EIGNE NOTATER:

“Forteljingar frå Bibelen”

Boka “Forteljingar frå Bibelen” (Verbum) er for alderstrinnet 6-9 år og passar svært godt i lag med d psskulen. Den kostar ca. 120 kr.



Aktivitet og respons

Dette er ei oversikt over forslag til dei ulike samlingane. Bruk gjerne egne idéar og erfaringar som passar til forteljingane! I denne delen skal barna få høve til å "svare på" det dei har høyrte og undra seg over i forteljinga.

Med nok vaksne er det best at barna får gjere kvar sine ting i denne økta. Nokon vil skrive/teikne, andre vil vere i aktivitet, nokon vil lage noko i leire eller kitt, medan andre vil hjelpe til med å få i stand festen som fyljer.

SKAPINGA

Finn noko som vart skapt 1,2,3....dagen.
Lag utstilling av det dei fann.

DN HEILAGE DÅPEN

Jobbe/leike med dokka og vatnet.

BARTIMEUS

Øve på Fadervår på teiknspråk

DEN GODE GJETAREN

Gi fleire bilete frå forteljinga og la barna fargeleggje og/eller legge bileta i rett rekkefølge.

SAKKEUS

Dramatiserer forteljinga. Lage spel med twist, nonstop eller gullfisk der "Sakkeus" gir tilbake dobbelt og firdobbelt.

DEN HEILAGE NATTVERDEN

Til festen: Ha delemåltid der alle skal passe på at kvar har noko å ete og ingen kan forsyne seg sjølv.

PÅSKE

Øve til gudstenesta.

Pynte på/lage invitasjon til foreldre/føresette til både gudstenesta og siste samling

Lage program for kva borna vil vise fram på siste dåpsskulesamling.

GUDSTENESTA

SONEN SOM KOM HEIM

Lage til festen der foreldre/føresette kjem

EIGNE NOTATER:

Fadervår

Når me ber i lag med borna er det nyttig å legge vekt på at bøna ikkje er å seie dei rette orda samstundes, men å vere nær Gud. Gud høyrer bøna di like godt same om du seier orda høgt eller stille. Snakk gjerne litt om korleis me ber før Fadervår kvar gong.

Døme:

Kvifor faldar me hendene?

Kvifor står me hand i hand i ring?

Kvifor seier me det same kvar gong?

Kvifor ser me ned og ikkje opp når me ber?

Desse og mange andre spørsmål må dei få lov å stille, og me skal ta oss tid til å undre oss i lag med borna over det same.

Barn lærer lett utanåt, og sidan Fadervår er med i alle samlingane, bør barna få høve til å lære bøna. Den passar fint som lekse etter 3. samling om Bartimeus.

EIGNE NOTATER:

Songar

Song og musikk har hatt ein naturleg plass når kristne samlast. Det vert sagt at "tre gonger sagt er ein gong sunge" Me hugsar altså mykje lettare det me syng samanlikna med det me høyrer utan å syngje.

I dåpsskulen har me enda opp med å ikkje leggje føringar på om eller korleis song eller musikk skal brukast i samlingane. Dette fordi det er stor utskifting i kristne barnesongar, og nye songar vert lagde til songskatten kvar dag. Variasjonane er også store på dette området: Ein dåpsskule vil med iver velje liturgiske ledd og bibelske salmar, medan ein annan vel CD-spelar og playback. Kvar gruppe eller kyrkjelyd har som regel sin eigen song stil og tradisjon som svært gjerne kan integrerast i samlingane.

Skriv ned songar du trur vil passe i dåpsskulen dykkar.

EIGNE NOTATER:

Velsigning

Det kan godt vere at borna ikkje kjenner seg trygge på kva det vil seie å få ei velsigning. Vis korleis vi velsignar, og bruk tid til å svare på kva det er, og på å fortelje kor og korleis me brukar velsigninga.

Døme:

Bordvers: O du som metter liten fugl... velsign vår mat o Gud

Dåpen: Eg signar deg med det heilage krossmerket...

I gudstenesta: Ta i mot velsigninga...

Jesus velsigna borna (Markus 10:16)

Fleire døme finn du ved å søke på velsigning på www.bibelen.no

Kvart barn har si personlege sfære: Det er ikkje sjølvsagt at han/ho vil at du skal leggje hendene dine på hovudet deira. Kvart barn vel sjølv om han/ho er klar til det.

Eit godt alternativ til denne handlinga er at kvart barn teiknar krossen på brystet sitt.

Her gjeld same regel: Første gongen viser du korleis ein teiknar krossen, samt brukar tid til å svare på spørsmål om dette.

Døme på svar kan vere:

Me vart teikna med krossen i dåpen. Då lydde orda om at krossen vart teikna "til eit vitnemål om at me skal tilhøyre den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus og tru på Han."

Me er merkte med ein kross som fortel at me er Jesus sine. Lam, sauer, geiter og kyr er merkte for å vise kven dei høyrer til. Dei har merke i øyra.

Lekse

I innleiinga skreiv me om lekse som respons. Noko som borna får gi tilbake. Når lekse fungerer slik, er det svært positivt for alle involverte. Dersom barnet skulle kjenne press om å måtte prestere på grunn av lekse, må sjølvsagt barnet få gi respons på anna vis.

Konkret bør lekse skrivast på ark som kvart barn får når dei går, etter velsigninga. Bruk gjerne ei plastlomme eller ein liten perm til arka, som barna får på første samling, og tek med til dåpsskulen kvar gong.

Til kvar forteljing (i temalista) er det referert til boka "Forteljingar frå Bibelen." Denne boka supplerer dåpsskulen og er ei god gåve til 6.åringane. Her kan dei lese, eller bli lest for i lekse til kva samling.

EIGNE NOTATER:

Diplom

På neste side finn du eit døme på diplom.
Du kan kopiera denne, eller lage ein ny.
Hugs å ha med dato og stad.



Diplom

til

.....

for å ha delteke i Dåpsskulen

“Leita, så skal de finna!”

Matteus 7:7

.....

.....



Menyforslag

I kapitlet om å vere klar, skreiv me om festen som handlar om at ingen kan ha fest åleine. Difor er det eit poeng at alle sit saman ved bordet og ikkje spring til og frå. Det er viktigare å ha pynta fint, enn at maten er flott. Enkel sunn mat fungerer kjempefint. Hugs at det kan vere barn som er vegetarianarar, eller barn med glutenallergi, diabetes eller liknande. Server noko som alle kan forsyne seg av.

Her er nokre forslag:

FRUKT

MELK – gjerne blanda med sjokolade
eller jordbær -smak

YOGHURT

SALTE PINNAR

POPCORN



Hugseliste materiell

TIL ALLE SAMLINGANE TRENG DU:

Skjema der du kryssar av kven som er komne.

To stolar eller anna som markerer inngangen til dåpskulen.

- Bord
- Kvit duk
- Kvitt lys
- Lysestake
- Fyrstikker
- Tre kvite filt sirklar (om lag 30 cm i diameter)
- Bibel
- Barna kan godt ha kvar si pute eller teppebit å sitje på til forteljing og undring.

TIL AKTIVITET OG RESPONS TRENG DU:

- Teikne og maleutstyr til heile gruppa
- Blanke ark
- Kitt eller leire

TIL FESTEN TRENG DU:

- Duk og pynt
- Koppar og serviettar
- Mat (sjå menyforslag)

TIL SENDING TRENG DU

- Lekseark som dei får med heim.
- Boka "Forteljingar frå Bibelen" som personen ved døra kan bruke til å vise sidetalet til forteljinga frå den dagen.

EIGNE NOTATER:

EIGNE NOTATER:

EIGNE NOTATER:

EIGNE NOTATER:

EIGNE NOTATER: